



ULVIK HERAD

KOMMUNAL FORSKRIFT

**FORSKRIFT OM TILDELING AV
LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM ELLER
TILSVARANDE BUSTAD SÆRLEG TILRETTELAGT
FOR HEILDØGNSTENESTER**

INNHALDSLISTE

Kap 1	Føremål, lovgrunnlag, definisjon og virkeområde	2
	§1.1 Føremål.....	2
	§ 1.2 Lovgrunnlag.....	2
	§ 1.3 Virkeområde.....	2
	§ 1.4 Definisjonar	2
Kap 2	Langtidsopphald i somatisk sjukeheim.....	4
	§ 2.1 Kriterie for tildeling av langtidsopphald i døgnavdeling for personar med demens:	4
Kap 3	Langtidsopphald i døgnavdeling for personar med demens	5
Kap 4	Omsorgsbustader med døgnbemanning.....	5
Kap 5	Eigenbetaling for langtidsopphald i sjukeheimen/kommunal insitusjon og omsorgsbustad....	6
Kap 6	Venteliste for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim/kommunal institusjon og omsorgsbustad utan døgnbemanning	6
	§ 6.1 Ansvar for å fylgja opp pasientar på venteliste	6
Kap 7	Ansvar og mynde knytt til sakshandsaming	7
	§ 7.1 Sakshandsaming.....	7
Kap 8	Klage	8
Kap 9	Iverksetjing.....	8

Kap 1 Føremål, lovgrunnlag, definisjon og virkeområde

§1.1 Føremål

Forskrifta skal tydeleggjera kva kriterie Ulvik herad legg til grunn ved tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller omsorgsbustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester.

Forskrifta skal vidare tydeleggjera korleis Ulvik herad skal fylgja opp personar som står på venteliste til langtidsopphald i sjukeheim eller bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester og som vert buande i heimen i påvente av plass.

§ 1.2 Lovgrunnlag

*Lov om pasient og brukerrettigheter § 2-1 e) første ledd og a) andre ledd

*Lov om kommunale helse og omsorgstenester § 3-2 a) første ledd og a) andre ledd og a) fjerde ledd

*Lov om behandlingmåten i forvaltningssaker kap VII jf Lov om kommunale helse og omsorgstenester § 2-2

§ 1.3 Virkeområde

Forskrifta gjeld ved tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og bustader som er særleg tilrettelagt for heildøgns tenester

§ 1.4 Definisjonar

Ulvik sjukeheim:

Kommunal forskrift gjeld kun langtidsopphald. Institusjonen pliktar å tilby ulike typar korttidsopphald, jf «Forskrift 14.november 1988 nr 932 om sykehjem», men dei kjem ikkje inn under denne forskrifta.

Pr juni 2017

; 18 sengeplassar;

av desse er 15 langtidsplassar

Nybygg sjukeheim: frå 2019

; 21 sengeplassar :

av desse er 10 langtidsplassar og 7 langtidsplassar i avd. for personar med demens

Langtidsplass i sjukeheim:

Kombinert bu- og tenestetilbod for personar som grunna helsetilstand og funksjonsvanskar har eit omfattande og varig behov for døgnkontinuerleg tilsyn, pleie og omsorg. Behovet for hjelp gjennom døgnet kan ikkje fylgjast opp i eigen heim eller ubemanna omsorgsbustad med heildøgntenester. Opphaldet er ikkje avgrensa i tid.

Plass ved døgnavdeling for personar med demens (frå 2019):

Institusjonsplass særleg tilrettelagt for personar som er diagnostisert med demens/betydeleg kognitiv svikt med tilleggsproblematikk

Bemanna omsorgsbustader:

Ulvik herad har pr 2017 ikkje bemanna omsorgsbustader. Dersom Ulvik herad i framtida etablerer denne form for omsorgsbustader vil denne forskrifta gjelda for tildeling av slik bustad.

Omsorgsbustader utan døgnbemanning:

Omsorgsbustader : Brakanestunet, 17 husvære

Kommunalt disponerer bustader utan døgnbemanning i sentrum som er tilpassa for å kunne yta tenester gjennom døgnet for å dekkja brukar sitt behov for hjelp gjennom ordinære heimetenester.

Tilbodet er retta mot personar med nedsett funksjonsnivå og hjelpebehov som vert dekkja ved at personell kan gå til og frå, men ikkje tilsyn/hjelp på linje med det som vert gitt i sjukeheim/kommunal institusjon med døgnbemanning.

Bebuar i omsorgsbustad skal via velferdsteknologiske innretningar, tryggleiksalarm, rørslesensarar, o.l. kunne få kontakt med og hjelp frå personell med rett kompetanse innan rimeleg tid, men utan responstid knytt til tenestene.

IPLOS: Individbasert pleie og omsorgsstatistikk

Lovbestemt helseregister med data som skildrar ressursar og hjelpebehov hjå den som søker eller mottek kommunale omsorgstenester.

Kap 2 Langtidsopphald i somatisk sjukeheim

Slikt tilbod vert gjeve til personar med omfattande helseutfordringar og funksjonssvikt som medfører behov for

døgnkontinuerleg tilsyn og hjelp som krev bemanning til stades.

Vurderingsgrunnlaget er basert på opplysningar frå pasienten sjølv/pårørande i tillegg til tverrfagleg utgreiing av helsetilstand og omsorgsbehov basert på uttale frå fastlege, heimetenesta og ev anna helsepersonell.

Saka skal vera tilstrekkeleg opplyst før Inntaksnemnda fattar vedtak. Inntaksnemnda kan fatta vedtak om kartleggingsopphald i institusjon som lekk i utreiinga.

§ 2.1 Kriterie for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim

-behov for langvarig medisinsk behandling og tverrfagleg oppfølging innan helse, ernæring og eigenomsorg med IPLOS som del av kartlegginga.

-personar som ikkje er i stand til å tilkalla hjelp ved behov

-kva ynskjer pasienten/brukaren

-andre relevante hjelpetiltak som rullerande korttidsopphald, dagtilbod, omsorgsbustad og utvida tilbod om heimetenester skal vera utprøvt

-medisinske forhold med omsyn til sjukdom/skade. Prognose med omsyn til utvikling av helsetilstand

-grad av pårørandebelastning

-samtykkekompetanse

-butilhøve: fysisk utforming/standard/behov for tilpassing/utbetring/korleis er det for hjelpeapparatet å yta tenester i heimen

Kap 3 Langtidsopphald i døgnavdeling for personar med demens

Pasient/brukar har utvikla stor grad av kognitiv svikt (demens) og har behov for skjerming/ særleg tilrettelagte miljøtiltak

Pasient/brukar skal ha gjennomgått utgreiing og fått verifisert diagnosen demens ved blodprøvar/ kognitive testar, ev MR.

§ 3.1 Kriterie for tildeling av langtidsopphald i døgnavdeling for personar med demens:

- behov for omfattande tilsyn og oppfølging gjennom døgnet grunna vanskar med eigenomsorg og ernæring
- åtfærdsproblematikk (utagering, vandring, snur døgnet, vrangførestillingar, o.l.)
- behov for auka trygghet i kvardagen
- stor belastning for pårørande

Kap 4 Omsorgsbustader med døgnbemanning

Slikt tilbod vert gjeve til personar med omfattande helseutfordringar og funksjonssvikt som medfører behov for døgnkontinuerleg tilsyn og hjelp som krev bemanning til stades.

Vurderingsgrunnlaget er basert på opplysningar frå pasienten sjølv/pårørande i tillegg til tverrfagleg utgreiing av helsetilstand og omsorgsbehov basert på uttale frå fastlege, heimetenesta og ev anna helsepersonell.

Saka skal vera tilstrekkeleg opplyst før Inntaksnemnda fattar vedtak. Inntaksnemnda kan fatta vedtak om kartleggingsopphald i institusjon som lekk i utreiinga.

§ 4.1 Kriterie for tildeling av omsorgsbustad med døgnbemanning

- personen er ikkje i stand til å bu aleina utan døgntilsyn grunna funksjonssvikt, utviklingshemming, psykisk sjukdom eller alderdomssvekkelse

-personen har behov for tett oppfølging frå heimetenester for å få forsvarleg helsehjelp og likevel kunne leva og bu sjølvstendig

Kap 5 Eigenbetaling for langtidsopphald i sjukeheim/kommunal institusjon og omsorgsbustad

Eigenbetaling for helse og omsorgstenester i sjukeheim/kommunal institusjon fylgjer reglane i Forskrift 16.desember 2011 nr 1349 om eigendel for kommunale helse og omsorgstenester (vederlagsforskrift).

Den enkelte leigetakar som bur i omsorgsbustad betaler husleige som vert indeksregulert årleg. Eigenbetaling for helse og omsorgstenester fylgjer Vederlagsforskrifta (sjå ovanfor). Andre sørvistiltak/-tenester fylgjer kommunale satsar fastsett av heradstyret.

Kap 6 Venteliste for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim/kommunal institusjon og omsorgsbustad utan døgnbemanning

Kommunen skal føra venteliste for å halda oversikt over pasientar/brukarar som har fått vedtak på tildelt langtidsopphald i sjukeheim/kommunal institusjon .

Kommunen skal også føra ventelister på brukarar som har fått vedtak på tildelt omsorgsbustad med døgnbemanning.

§ 6.1 Ansvar for å fylgja opp pasientar på venteliste

Ansvaret for å fylgja opp pasientar på venteliste ligg til leiar av Inntaksnemnda.

Ventelista skal innehalda:

- tidspunkt for søknad
- vedtaksdato
- prioritet for kvar enkelt pasient

Ved ledig plass vurderer Inntaksnemnda alle på ventelista og den med størst behov får tildelt plass. Ved like behov skal Inntaksnemnda leggja vekt på ventetid frå vedtaksdato. Dette gjeld både langtidsopphald i sjukeheim og omsorgsbustad.

I enkeltvedtaket skal det koma fram korleis søkjar skal få forsvarleg helsehjelp i påvente av butilbod med heildøgnsomsorg.

Utarbeiding av tiltak må skje i god dialog med søker / partsrepresentant

Tiltak som må vurderast ventetida:

- auka hjelp gjennom døgnet (heimesjukepleie, heimehjelp/praktisk bistand, matombringning: brødmatt og middag)
- dagtilbod
- fritidskontakt
- tilbod om korttids plass i sjukeheim

Kap 7 Ansvar og mynde knytt til sakshandsaming

- Inntaksnemnda er forvaltningsorganet for søknader
- Inntaksnemnda har møte ein fast dag for veka
- Sakshandsamar er leiar i Inntaksnemnda

Inntaksnemnda har fylgjande medlemmer:

- Tilsynslege / kommuneoverlege
- Avd.sjukepleiar institusjon
- Avd. sjukepleiar heimetenester
- Sakshandsamar for helse og omsorgstenester

Ved behov for ytterlegare informasjon vert denne henta inn frå aktuelle samarbeidspartar, t.d. ergoterapeut, fysioterapeut, fastlege, o.l.

§ 7.1 Sakshandsaming

- Skriftleg søknad skal sendast Helse og omsorg, Ulvik herad
- Svar på motteken søknad innan 14 dg med melding om tidspunkt for vurderingsbesøk med representantar frå pleie og omsorgsavdelinga
- Vurderingsbesøk : vurdering av hjelpebehovet

-Kriterie for langtids plass i sjukeheim / omsorgsbustad vert lagt til grunn ved utmåling av vedtak

-Sakshandsamar uformar enkeltvedtak med innvilga tenester eller avslag.
Alle enkeltvedtak skal grunngjevast, jf kriteria.

Kap 8 Klage

I vedtaket vert det orientert om klageadgang. Klagen skal grunngjevast.

Klagerett fylgjer Lov om pasient – og brukarrettigheitslova § 7-2.

Fylkesmannen i Hordaland er klageinstans.

Klagen skal sendast til kommunen.

Kap 9 Iverksetjing

Forskrift vert gjort gjeldande frå 27.september 2017 i samsvar med vedtak i Heradstyret. Forskrifta vert oppheva når nasjonal forskrift, jfr Lov om kommunale helse og omsorgstenester m.m. § 3-2 a tredje ledd, er vedteke og sett i verk.